

Kommunestyremøte den 18 september 2014.

Svar på spørsmål frå Kristian Stråmyr vedkomande idrettsbygget ved Søvik skule - dårleg teknisk stand samt planer for idretts- og kulturhall i Søvik.

1. Eksisterande idrettsbygg.

Dei siste 2 åra er det gjennomført utbetringar av idrettsbygget, mellom anna utskifting av vindu og fasade i samsvar med vedlikehaldsplan.

Bygget har eit ventilasjonsanlegg som er i normal drift. Inneklimamålingar frå 2013 viser noko låg luftkvalitet i forhold til dagens krav.

På spørsmål om «Kva gjer kommunen for at inneklimaet i idrettsbygget skal bli betre?» vil eg vise til vedlikehaldsplanen som kommunestyret sjølv har vedtatt der det er lagt opp til oppgradering av ventilasjonsanlegg, varmeanlegg og sentral driftskontroll i 2016.

2. Planer for idretts- og kulturhall.

Ordføraren er kjent med at det i fleire år har vore jobba med planer for eit bygg for idrett- og kulturaktivitetar i Søvik. Eg vart først informert om dette for mange år sidan (truleg i 2008) på eit uformelt møte i Søvik. Seinare i eit møte den 4 desember 2012 på kommunehuset i Brattvåg, der både ordførar og rådmann var til stades, og 4 representantar frå initiativtakarane i Søvik. Frå dette møtet føreligg møtereferat. Til spørsmålet om «Korleis stiller ordføraren seg til å bygge ein idretts- og kulturhall i Søvik?» vil eg svare at eg i begge nemte møter har sagt at eg er positiv til initiativet som er tatt, og at eg ser behovet for eit slikt bygg.

Eg viser til punkt. 5 Oppfølging, i møtereferatet frå 4.12.12 – der det står at *«Initiativtakarane vil etablere ei arbeidsgruppe over nyttår, og utarbeide eit prosjektgrunnlag som skissert innan april 2013»*. Eg ser fram til å få presentert det når det er klart.

Brattvåg 18 sept. 2014.

Bjørn Sandnes

Ordførar